

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: AR T-401
Tid: 05.02.2020 kl. 09:30 – 11:30

Fylgjande faste medlemmer møte:

Turid Borgen
Emilie Christensen
Astrid Birgitte Eggen
Rune Giske
Anne Helliesen
Philip Lundberg Jamissen
Jan Terje Kvaløy
Viktoria Opsahl
Brita Strand Rangnes
Marianne Skogerbø
Olav Magne Sydnes
Leith Symington

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Aslaug Mikkelsen
Björg Frøysland Oftedal
Julie Wangen

Fylgjande varamedlemmer møte:

Kristin Akerjordet
Ola Kvaløy
Eira Aas Eide

Fylgjande observatørar møte:

Gitte Kolstrup

Frå administrasjonen møte:

Veslemøy Hagen, Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 1/20	Godkjenning av innkalling		
UU 2/20	Godkjenning av møtebok 13. november 2019		19/07149-13
UU 3/20	Kvalitet i studieprogram - interne tilsyn 2019		18/02604-27
V-sak UU 4/20	Årsrapport for 2019 og plan for utdanningsutvalet for 2020		15/01413-8
V-sak UU 5/20	Ny pris: Utdannings- og læringsmiljøprisen		20/01230-2
O-sak UU 6/20	Kvalitet i studieportefølje, gjennomgang og planlegging av studieplassene ved UiS 2021-2022		20/01339-1
V-sak UU 7/20	Utdanningskvalitetsseminar våren 2020		20/01211-2
UU 8/20	Eventuelt		

UU 1/20 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjend.

UU 2/20 Godkjenning av møtebok 13. november 2019

Vedtak:

Møteboka er godkjend.

UU 3/20 Kvalitet i studieprogram - interne tilsyn 2019

Prorektor innleia. Ho viste til tilsynsrapporten frå Nokut. Sjølv om kvalitetssystemet ikkje er godkjent, tilfredsstillar ordninga for periodisk evaluering krava. Prorektor tok likevel til orde for å vidareutvikla ordninga, og meinte at evaluering kvart åttande år ikkje er ofte nok, det må vera kvart fjerde eller sjette år.

Prorektor meinte at det er viktig å sjå denne saka i samanheng med det ordinære kvalitetsarbeidet, og at ein må vera meir konsistent i begrepsbruken. UiS har ei ordning som består av evaluering og reakkreditering. I sum er dette tilsyn. Men dette er ikkje eins oppfatta i organisasjonen. Ho føreslo å kalla ordninga periodisk programevaluering med påfølgjande reakkreditering.

Det vart ein kort diskusjon om dei eksterne komited medlemene si rolle i programevalueringa. Eitt av utvalsmedlemene meinte at mandatet til dei eksterne ikkje er godt nok definert. Det vart konkludert med at ein bør sjå på dei eksterne si rolle på nytt.

Alle rapportane var ikkje klare til dette møtet pga at eitt av fakulteta ikkje hadde fått gjennomført handsaminga av ein av rapportane i studieprogramutvalet. Det vart då stilt spørsmål med om handsaming i februar møtet til utdanningsutvalet er for tidleg.

Utvalet hadde følgjande kommentarar til saka:

- Dersom rapporten seier at me ikkje tilfredsstillar krava, må det vera ein kortare frist til neste evaluering.

Prorektor la til at me må ettersjå at tiltaka blir fylgde opp. Her er der punkt som må fylgjast opp uansett, uavhengig av kor lenge det er til neste ordinære evaluering, og då må me vita at det blir gjort.

Utvalet ga følgjande kommentarar til dei ulike rapportane:

Master i helsesjukepleie

- Det vart spurt om status for internasjonal utveksling. Dekan frå fakultetet svarta at for bachelorprogrammet er der godt omfang av utveksling, men det må styrkjast for masternivået.

Bachelor i engelsk

- Fakultetet har omstrukturert emna, slik at ein nå har eit tilleggssemester for utveksling.
- Bachelor i humanistiske fag er ikkje profesjonsretta utdanning, men fakultetet arbeidar med arbeidslivsrelevans. Der er ei praksisordning for studentane.

Bachelor i utøvande musikk

- Der er mange tiltak, m.a. at ordning for studieprogramleing skal vurderast.
- Fakultetet var nøgd med rapporten, dette er kommentarar og forslag ein er einige i. På grunn av at det er så få tilsette ved fakultetet, er avdelingsleiarar også studieprogramleiarar.

Prorektor ba prodekanen ta med seg tilbake til fakultetet at utvalet har merka seg dette, og la til at dei programma som har flest faglærarar også treng mest leing.

Master i rekneskap og revisjon

- Dekan ved Handelshøgskulen heldt fram at studieprogrammet har eit godt fagmilø. Fakultetet har gitt kurs i PBL og TBL, og i vurderingsformer. Det er krav om karakteren C for å bli autorisert revisor, og då skaper teambasert vurdering problem. Det er venta ei endring i forskrift frå Finanstilsynet, som seier at ein må ha master i regnskap og revisjon for å verta statsautorisert revisor.
- Prorektor merka seg at fakultetet skal gjennomgå alle emne- og programplanane, og spurde om det kjem eit nytt program. Dekan svara at det vil verta justeringar, ikkje ein større revisjon. Fakultetet kan gjera endringar innføre dekanen sitt myndighetsområde. Det er lite rom for endringar innføre krava til revisorutdanning.

Vedtak:

På grunnlag av de sakkyndige komitéenes rapporter og dekanenes tilrådingar reakkrediterer utdanningsutvalget

- Master i helsesykepleie ved Det helsevitenskapelige fakultet
- Bachelor i engelsk ved Fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora
- Bachelor i utøvende musikk ved Fakultetet for utøvende kunstfag
- Master i regnskap og revisjon ved Handelshøgskolen ved UiS.

Utvalget ber fakultetene sørge for at evalueringene følges opp.

Utvalget takker komitéene og andre som har bidradd i arbeidet for godt gjennomført arbeid.

UU 4/20 Årsrapport for 2019 og plan for utdanningsutvalet for 2020

Prorektor innleia. Rapporten skal leggjast fram for styret i mars. Prorektor la til at me treng å lyfta utdanning og undervising og ba om støtte for dette frå utvalet.

Utvalet hadde fylgjande kommentarar og innspel til planen for 2020:

- Det er for lite å fokusera på berre ECIU under internasjonalisering.
- Ravndalutvalet laga ein rapport i 2018. Har fylgd opp nokre punkt derfrå, men ikkje alt.
- Oppfølging av politiske signal i stortingsmeldingar etc. må skrivast inn.
- Dei to fyrste punkta under kvalitet bør vera meir spesifikke.
- Planen har tre hovudområde. Det tredje området er litt uklart.
- Det tredje hovudområdet kan berre heita strategi.

- Planen bør flyttast opp i merksemda til utvalet. Bør styra andre saker som skal ha merksemd. Planen bør brytast ned i tiltak.

Konklusjon:

Hovuddelen om kvalitet skal vera Kvalitet i utdanning og undervising. Punktet om kvalitetsseminar blir flytta hit.

Under internasjonalisering må det skrivast inn forslag til tiltak frå Ravndalutvalet.

Det vert eit eige hovudområde for oppfølging av Nokut sin rapport.

Det tredje hovudområdet skal heita Strategi. Det vert teke med eit punkt her som heiter nye studier. Her skal det også skrivast inn oppfølging av politiske signal.

Ein revidert plan blir godkjent i e-postrunde. Planen skal få ein meir fylldig tekst.

Prorektor avslutta saka med å leggja til at utvalet er oppnemnd for eitt år. Det må gjerast ny oppnemning frå 1. august. Det er ei teknisk sak, men det må gjerast.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet vedtek årsrapport for 2019.
- b) Utdanningsutvalet vedtek plan for 2020 med dei innspela som kom fram i møtet.

UU 5/20 Ny pris: Utdannings- og læringsmiljøprisen

Prorektor innleia i saka. Målet med den nye utdannings- og læringsmiljøprisen er å skapa merksemd om eitt eller to miljø som utpeikar seg. Dette er viktig i seg sjølv.

Ein av studentrepresentantane spurde om kvifor talet på nominerte har vore lågt. Har det vore for lite merksemd om det? Ho føreslo at medlemene i juryen skal vera frå dei to utvala.

Prodekan frå Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora meinte det må vera ei tidslinje for utlysing og nominering, og faste fristar, og spurde kva pengane skal brukast til for dei som får prisen.

Utdanningsdirektøren forklarar litt om korleis læringsmiljøprisen har vore handsama i læringsmiljøutvalet tidlegare.

Representanten for det studieadministrative personalet la til at prisen blir gitt på bakgrunn av det som er gjort, ikkje for kva som skal gjerast, og meinte at det må lagast ein strategi for korleis denne prisen skal brukast, kven som skal nominera, etc.

Prorektor føreslo å ta inn ei setning om at prisen skal gå til kvalitetsfremjande tiltak, men at det ikkje skal rapporterast på bruken av pengane. Ho meinte også at prisen skal overrekkjast av rektor og StOr-leiar.

Vedtak:

Utvalet vedtek nytt namn og nye statuttar for prisen.

UU 6/20 Kvalitet i studieportefølje, gjennomgang og planlegging av studieplassene ved UiS 2021-2022

Prorektor innleia. Saka må handsamast i lys av Nokut-rapporten. Alle studia skal leggjast under same kvalitetskrava. Alle gradsprogram på alle tre syklusar, og alle årsstudier og halvårsstudier som inngår i EVU skal vera med i saka. Denne saka skal til styret i haust.

Utdanningsdirektøren orienterte om prosedyren for saka og la til at dette er ei viktig kvalitetsmelding.

Utvalet peika på nokre problemstillingar knytt til saka:

- Det er viktig i det vidare arbeidet at lista over kva data som skal nyttast i rapporteringa vert gjennomgått på nytt.
- Dette heng saman med at Nokut-rapporten seier at me legg for stor vekt på studentevalueringar, og at det er viktig å visa kva tal og data me skal bruka.

Prorektor svara m.a. at dei sju faktorane skal gjennomgåast i samband med vidareutviklinga av kvalitetssystemet. Når det gjeld innsamling av data, spurde ho om me kan vera meir spesifikke i bestillinga, og meinte at me må sortera betre mellom grunndata og kva me presenterar.

Det vart spurt om når Evaluation Kit vil vera klart til å takast i bruk. Utdanningsdirektøren svara at me er avhengige av Unit sin anbudsrunde, og den er ikkje ferdig ennå.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

UU 7/20 Utdanningskvalitetsseminar våren 2020

Prorektor innleia. Det er føreslege nytt seminar i mai, etter same modell som i desember -19. Fyrsteårsstudenten er føreslege som tema. Det har vore nasjonalt fokus på studentar som sluttar i fyrste studieåret i høgare utdanning.

Utdanningsdirektøren la til at i sak i læringsmiljøutvalet om læringsmiljøretta tiltak er fyrsteårsstudenten føreslege som eitt av tema som er prioritert i utlysinga.

Viktoria Opsahl og Brita Strand Rangnes representerar utdanningsutvalet i komiteen for seminaret.

Vedtak:

Utdanningsutvalget sluttar seg til utdanningsdirektøren sitt framlegg til tema, med dei innspela som kom fram i møtet.

UU 8/20 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.

Felles møte med læringsmiljøutvalet

Møtet heldt fram med eit felles møte med læringsmiljøutvalet kl 11.45 – 12.30.

KU 01/20 Informasjon frå prorektor

Prorektor orienterte om fylgjande saker:

Organisering under prorektor

- NettOp og EVU blir separate avdelingar under prorektor for utdanning.

Nytt om ECIU University

Utdanningskvalitetsmidler er lyst, og fristen 21.02.20

Arbeidsgruppe for samordning og oppfølging av eksterne søknader

Fyrste kull meritterte undervisarar

- Læring på alle nivå i organisasjonen

Konferansar

- NOKUT 30. januar. Her var det viktige diskusjonar m.a. om evaluering.
- Konferanse om teaching and learning 13. – 14. februar i Utrecht.

Nokut-rapporten

- Essensen i rapporten
- Oppfølging
- Arbeidsgruppe for vidareutvikling av kvalitetssystemet.
- Krav til oppretting, kva element som må vera på plass, og når.
- Nytt fullt tilsyn om eitt år. Me veit ikkje om det blir ny komite.

KU 02/20 StOr orienterar

Leiar for StOr orienterte om fylgjande saker:

- Det er mange problem med den nåverande tillitsvaldordninga. Systemet vert revidert nå, og eitt av siktemåla er ei ordning som gir større medverknad og makt til studentane både på emne- og studieprogramnivå. Ordninga vil utgjera eit samanhengande system som strekkjer seg frå dei enkelte emna og helt opp til styret.
- Studieparlamentet vert 26. februar. Strategi for StOr er ei av sakene.
- Studentrådet i Stavanger skal handsama campusplan 2023.

KU 03/20 Studentombodet orienterar

UiS medlem i UH-nett vest. Nettverket har eit studentråd som har bedt om at det ver oppretta ei arbeidsgruppe som skal sjå på studentane si helse og trivsel i medlemsinstitusjonane. Denne arbeidsgruppa er nå oppretta, og er i gong med arbeidet. Studentombodet ved UiS er med i arbeidsgruppa.

KU 04/20 Utdanningsdirektøren orienterar

Utdanningsdirektøren orienterte om arbeidslivskonferansen.